

## MERKNADSSKJEMA - KOMMENTARAR TIL INNKOMNE MERKNADAR

Prosjektnummer ABO:	Plannamn: Detaljregulering for Røysaneset industribase - Høylandsbygd, 202/140 mfl.	PlanID: 20230002
Dato: 03.06.2024	Merknadar knytt til: Varsel om oppstart, høyringsperiode 05.03.2024-22.04.2024 Offentleg ettersyn av planprogram, 05.03.2024-22.04.2024	

Det er gjennomført merknadsmøte med Kvinnherad kommune 31.05.2024. Forhold diskutert med kommunen er teke inn i tabellen med «kommentarar» og elles har kommunen følgjande generelle innspel:

- I hovudsak tilrår kommunen at innspel frå sektormyndede vert tatt til følge i utarbeiding av planforslaget.
- Kommunen tilrår at støy inngår som eige KU-tema. I planprogrammet inngår støy under naturmangfald. Det vert opp til forslagsstillar å vurdere om støy som KU-tema under naturmangfald ivaretek forhold ved støy, eller om det bør vektleggjast meir.
- Det føreligg eit utfordrande grensesnitt mellom næringsutvikling i forhold til eksisterande friluftsfelt- og bustadområde. I den vidare planprosessen vert det vurdert alternativ som er i samsvar med gjeldande arealdel og nytt forslag til arealdel som var på høyring og offentleg ettersyn i 2023. Konsekvensutgreiing og ROS-analyse med tilhøyrande kunnskapsgrunnlag skal danne grunnlag for vurderinga av avgrensing av næringsområdet. Det gjeld også for avgrensing av sjøområda.
- Kommunen vurderer at privat innspel som del av medverknad i planarbeidet bør vektleggjast i dei vidare vurderingane knytt til friluftsområde i lag med kunnskapsgrunnlaget.
- Samfunnsinteresser må vurderast opp mot kvarande i forhold til problemstillinga mellom dyrka mark og trafikktryggleik. I utgangspunktet er det vurdert at tilrådingar knytt til veg- og fortausbreidde leggjast til grunn for det vidare planarbeidet. Som hovudregel skal fortau vere gjennomgåande 2,5 meter for å ivareta mjuke trafikkantar, og at ein heller innsnevrar vegbana. Dette er også i forhold til vedlikehald. Det er hensiktsmessig å vurdere unntak for kritiske punkt for å tilpasse bygd situasjon, og ein kan i slike tilfelle vurdere å gå ned på fortausbreidda på mindre strekningar. Det gjeld særskilt strekningar der ein i vegteikningane har lagt opp til eit køyrefelt. Det gjeld også justeringar av anna veggrunn, slik at det ikkje tar meir areal enn naudsynt. Ein bør også vurdere behov for til dømes mur når dei jobbar vidare med detaljane. Eventuelle justeringar av vegutforming drøftast med kommunen og aktuelle grunneigarar undervegs i planprosessen for å ivareta ein balanse mellom trafikktryggleik, private eigedommar og dyrka mark. Eventuelle negative konsekvensar utgreiast, og alternative løysingsforslag kan diskuterast undervegs i planprosessen. Det er naudsynt å leggje til rette for fortau for mjuke trafikkantar i samband med næringsutviklinga.
- For gjennomføringsdelen av planarbeidet er det aktuelt å sjå etablering av fortau i samband med vatn og avløp. Eventuell bruk av utbyggingsavtalar, og gjennomføring av planen for øvre med behov for grunnverv og likande.

**Offentleg mynde**

Avsendar, dato	Merknad summert opp	Forslagsstillar sine kommentar
<p>Fiskeridirektoratet, 19.03.2024</p>	<p>Det er vist til følgjebrev og planprogram at</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- planområdet i sjø overlappar med registrert gytefelt for torsk, Halsenøya nord. Denne er klassifisert av HI i 2019 som lokalt viktig gytefelt (verdi 3). I tillegg overlappar delar av sjøområde i aust med oppvekst/beiteområde for kysttorsk. Det skal gjennomførast naturtype-kartlegging i samband med arbeidet med konsekvens-utgreiinga.</li> <li>- det er registrert område for fiske med aktive – og passive reiskap som kjem inn i planområdet, samt to låsettingsplassar i Hillestadvågen. Verknadar for fiske-plassane er arealbeslag av kai, fylling og fyllingsfot, samt verknadar i anleggsfasen. Planarbeidet skal vurdere påverknad av fysiske tiltak i sjø, og verknad av skipstrafikk som inneber samlokalisering med fiskeriinteressener.</li> <li>- Det i planarbeidet skal det belyst tilhøve knytt til støy og potensiale for støy og forureining av grunn og sjøbotn. Behov for nye kartleggingar og undersøkingar vil vere basert på tilrådingar i rapport frå Resipientanalyse (2020) og omfang av tiltak som planframlegget opnar for i sjøområdet. Potensiale for forureining av grunn og sjøbotn vil vere ein del av kunnskapsgrunnlaget for tema fiskeri.</li> </ul> <p>Fiskeridirektoratet si vurdering er at ev. forureining og partikkelspreiing kan også påverke gytande fisk, larvar og yngel, og oppvekst- og leveområde for desse. Vidare at det er gjort ei grundig planlegging av arbeidet med konsekvens-utgreiinga. Dei tek det derfor for gitt at det vert tatt omsyn til fiskeri og naturmangfald, samt at det vert freista å hindre spreing av forureining.</p>	<p>Teke til orientering og følgje.</p> <p>Det er ikkje behov for justering av planprogrammet basert på uttalen utover at støy er teke inn som eige KU tema i planprogrammet.</p> <p>Vidare planarbeid vil definere omfang av tiltak i sjø og dermed verknad for fiskeriinteressene inkl. støy og forureining som er nemnd i uttalen. Det vil verta vurdert å legge føringar for kva tid tiltak i sjø kan gjennomførast med omsyn til gytetid i sjø.</p>
<p>Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) 11.04.2024</p>	<p>DMF viser til at store delar av planområdet er sprengt ned til kainivå og at gjeldande reguleringsplan opnar for å skyte ut meir areal der det er ønskeleg å planere ned til kainivå, samt at planarbeidet vil vurderast å opne for å ta ut noko meir massar enn dagens planverk opnar for. Basert på gjeldande plan, er det estimert eit uttak av massar på om lag 130 000 m<sup>3</sup>. Uttaket er for å klargjere areala for næringsverksemd, der massane ikkje har eit kommersielt formål. Massehandtering skal utgreiast som del av planarbeidet. DMF peiker på at utgreiinga bør omfatte eit estimat på kor stort volum masser som skal takast ut og kor stort volum som er naudsynt for tilrettelegging av planlagde formål. I tillegg må det gjerast greie for varigheita av uttaket, kvaliteten på overskotsmassane og planlagd bruk av massane. I tillegg kan det vere behov for mellomlagring av massane. Samfunnsnyttig bruk av overskotsmassar frå</p>	<p>Teke til orientering og følgje.</p> <p>Det er ikkje behov for justering av planprogrammet basert på uttalen utover at støy er teke inn som eige KU tema i planprogrammet.</p> <p>Vidare planarbeid skal definere omfang av sprenging og bruk av massane (volum uttak og fylling), varigheit, samt krav om massehandteringsplan ved byggesak. Det er planlagt samfunnsnyttig bruk av massane internt på området ev. andre byggeprosjekt</p>

	<p>anleggsarbeid er eit viktig ledd i ei meir berekraftig mineralressursforvaltning. DMF gjer likevel merksam på at føreslått masseuttak i samband med planen kan vere omfatta av minerallova. Lova gjeld likevel ikkje uttak som hovudsakeleg er del av ei anna utnytting av grunnen. Som utgangspunkt, gjeld lova eitkvart uttak av mineralske førekomstar, jf. minerallova § 3. DMF har tidlegare gjort ei vurdering av om eitt av områda der det er ønskeleg å planere til kainivå er omfatta av minerallova. Viser til brev av 31. august 2022 der DMF slår fast at planering av det minste området i sørvest, ved Havnaskåro, ikkje er omfatta av minerallova. Ettersom plana no skal endrast og at det skal opnast for eit større uttak enn tidlegare vurdert, kan det verte aktuelt med ei ny vurdering. Det er den som er ansvarleg for uttaket, som også er ansvarleg for at dei naudsynte løyve er på plass før uttak settast i gang.</p>	<p>i nærleiken. Føremålet med planen er ikkje å drive kommersielt masseuttak.</p> <p>Det vil verta lagt føringar for kva tid på døgn/dagar støyande anleggsarbeid, som sprenging og massehandtering kan gjennomførast med omsyn til m.a. støy for naboar.</p> <p>Forholdet til minerallova skal avklarast i plansaka ev. settast føringar for i føresegnene at skal avklarast.</p>
<p>Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) 22.04.2024</p>	<p>NVE har konkrete innspel til plansaka. Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå. Å avklare reell naturfare er å skilje mellom areal som stettar byggteknisk forskrift (TEK17) kap. 7 sine akseptkriterier for planlagd utbygging, og dei areal der akseptkriteria ikkje er stetta. Førstnemnde areal er å sjå på som friskmelde. Sistnemnde er å sjå på som fareområde, og skal på reguleringsplannivå alltid syne i plankartet som omsynssone Fareområde.</p> <p>NVE krev at det må vurderast fare for områdeskred av kvikkleire i planarbeidet. Planområdet ligg under marin grense og innanfor aktsemdområde for områdeskred av kvikkleire. Fare for områdeskred av kvikkleire må difor vere eit tema i ROS analysen. Dei rår til å nytte prosedyren i kapittel 3.2. i NVE rettleiar 1/2019. Fareområde, dvs. areal som ikkje stettar krava til tryggleik i TEK17 § 7-3, må de innarbeide i plankartet som omsynssone H310 Ras- og skredfare. Føresegnene må sikre tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad.</p> <p>Planområdet ligg langs sjøen med ei lang strandsone. I NVE rettleiar 1/2019 er det eit eige kapittel (kap. 2.8) om aktsemd i strandsona. Der står det at det kan vere svært vanskeleg å sjå konsekvensane av ei lokal overbelastning i sjø, og at skred i sjø kan utløysast i alle typar lausmassar. Difor rår rettleiaren til at det alltid vert gjennomført grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsona. Dei rår til å sette slike krav i føresegnene til planen, sjølv om ROS analysen skulle konkludere med at det ikkje er fare for områdeskred av kvikkleire.</p>	<p>Teke til orientering og følgje.</p> <p>Det er ikkje behov for justering av planprogrammet basert på uttalen.</p> <p>Det er planlagt kartlegging av fare for områdeskred av kvikkleire. I tillegg legge føringar på geoteknisk detaljprosjektering i samband med byggesak for lokal overbelastning i sjø.</p>


<p>Vestland fylkeskommune, næring, plan og innovasjon 22.04.2024</p>	<p>Vestland fylkeskommune (VLFK) ber om at planarbeidet legg særleg vekt på å finne handlingsrommet for korleis området for marin næring kan utviklast. Korleis vil utviding av aktiviteten verke inn på omgjevnadane og vurdering av verknadar på influensområdet spesielt med tanke på bumiljø friluftsliv og strandsoner. VLFK i peiker særleg på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ber om at regional plan for klima 2022-35 og regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger vert teke med som del av kunnskapsgrunnlaget og at det vert gjort synleg korleis dei regionale føringane verkar inn på planen i planomtalen.</li> <li>- VLFK finn at forslag til KU tema og planalternativa dekker hovudtema som dei meiner er naturleg å utgreie.</li> <li>- VLFK peiker på medverknad og at det bør vera brei medverknad i prosessen. Og at det vert gjort synleg korleis innspel som har komme fram er vurdert og teke stilling til.</li> <li>- I nasjonal og regional politikk er det eit auka fokus på klima- og naturkrise. Regional plan for klima har retningslinje for planlegging som skal leggast til grunn for planlegging i kommunane. Vidare at naturbaserte løysingar for overvasshandtering kan medverke til å skape eit balansert forhold mellom tilpassing, natur og landskap.</li> <li>- VLFK peiker på Slettaneset friluftsområde/statleg sikra friluftsområde. Utgangspunktet for statleg sikra friluftsområde er å sikre areal for ålmenn friluftsutøving. VLFK opptrer som grunneigar og rettshavar på vegne av staten, og ønskjer å bli halde orientert om vidare arbeid som kan ha konsekvensar for området. Dei peiker også på nærliggjande friluftsområde, og tipsar om kunnskapsgrunnlag i regional kystsonerplan.</li> <li>- VLFK peiker på at det i 100-metersbeltet mot sjø skal takast omsyn til naturkulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Dette er uavhengig av om arealet er avsett til føremåla i KPA. Tiltak må ikkje føre til privatisering av strandsona i området, og gjer oppmerksom på at tilgang til strandsona også gjeld frå sjø. Peiker også på hovudprinsippet om at nye tiltak bør trekkjast så langt unna sjøen som mogleg, og lengre vekk enn eksisterande bygningar. VLFK minner også om å setje byggjegrense mot sjø, i plankart og spesifisere tiltak i føresegnene. Byggjegrense for eksisterande tiltak bør liggje tett kring det fysiske tiltaket og ikkje føremålsgrænse eller tomtegrænse. VLFK ber om at planframlegget vil avgrense vidare utbygging i strandsona.</li> </ul>	<p>Teke til orientering og følgje. Dei forholda som er delvis teke til følgje er kommentert spesifikt.</p> <p>Planprogrammet er oppdatert basert på VLFK si tilbakemelding om gravfeltet på Slettaneset og deira tilbakemelding frå synfaring. Regional kystsonerplan og klimaplan er omtala i kapittel 6 som føringar/rammar for planarbeidet. Utover dette er det vurdert at det ikkje er behov for justering av planprogrammet.</p> <p>Det er gjennomført folkemøte, og det er planar om vidare dialog med grunneigarar langs fylkesvegen. Det er også grunnlag for dialog og møte med VLFK samferdsel for å drøfte punktutbetringar og forhold til fylkesvegane.</p> <p>Det skal utarbeidast overordna VA-rammeplan der m.a. overvatn skal handterast.</p> <p>Forhold knytt til friluftsområde er delvis teke til følgje: Planprogrammet definerer to alternativ: 1) Avgrensing av næringsområde i tråd med godkjente planar og 2) alt. 1 + omdisponering av deler av friluftsområde mot badestranda. Ein ønskjer å gjennomføre KU for desse alternativa for å auka kunnskapsgrunnlaget før ein tek stilling til omfang av sprenging nærmare badeplass/friområde enn dagens faktiske situasjon og plansituasjon. Det er difor ikkje ønskeleg å endre planprogrammet si formulering eller alternativ på dette stadiet i prosjektet.</p>
--	---	--

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- All utbygging har verknad på landskapet, og bør såleis vere tilpassa landskapet. Det bør takast omsyn til landskapskarakter og kva type inngrep landskapet er sårbart for. Planlegginga må difor sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadane. Det vil vere positivt å vise realistiske illustrasjonar i høve til perspektiv og skala (frå perspektiv der menneske ferdast): VLFK ber om at det vert teke omsyn til landskap og terreng i det vidare planarbeidet. Vurdering av nær- og fjernverknad er viktige tema i det vidare planarbeidet.</li> <li>- I den regionale kystzoneplanen som Sunnhordland og ytre Hardanger er Halsnøy Dokk registrert som ei regionalt viktig næringsområde ved sjø, som kai med anløp av internasjonal trafikk.</li> <li>- VLFK er oppteken av at KU også tek med fv. 5048, der framkome, bereevne og trafikktryggleik er vesentlege tema på heile vegstrekinga. Det må forventast at det i den seinare planprosessen blir stilt rekkefylgjekrav om utbetringar av fylkesvegen, og vegkryss mellom fv. 5048 og Slettanesvegen. VLFK peiker også på utfordringane som er for trafikktryggleiken inne i planområdet. Det er svært uheldig at næringstrafikken vert ført gjennom eit bustadområde. Her tilrår VLFK at framkome og trafikk-tryggleik for mjuke trafikantar vert grundig utgreia, og at planen legg opp til gode tiltak.</li> <li>- VLFK minner om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. VLFK ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. VLFK vil gjennomføre synfaring i området for å vurdere om planarbeidet vil komme i konflikt med uregistrerte kulturminne og behov for registrering.</li> <li>- VLFK peiker på planprogrammet kap. 7.1.2 at gravfeltet på Slettaneset består av minst 13 gravhaugar. Dette er eit av få strandgravfelt om er igjen i Vestland fylke. M.a. grunna dette gravfeltet hadde VLFK negativ uttale til forslag til ny KPA og areal til næring utover gjeldande reguleringsplan.</li> </ul>	<p>Forhold til strandsona er delvis teke til følgje. Næringsområdet er basert på sjøretta næringsaktivitet og har behov for tilgjenge til sjø, og tiltak tett på kaiene i delområde. Areala på næringsområdet er i dag ikkje ålmenn tilgjengelege, og det er ikkje forsvarleg å opne for slik tilgjenge. Ein ønskjer difor høg utnytting på området og bygging tett på sjø. Omfang vil avhenge m.a. av balanse mellom tiltak og kva omgjevnadane «toler». Det skal setjast byggegrense mot sjø i planen for nærings- og kaiareal.</p> <p>Det skal utarbeidast illustrasjonar i 3D for å syne planframlegget sine verknadar. Omfang av tiltak vil avhenge m.a. av balanse mellom tiltak og kva omgjevnadane «toler».</p> <p>Planprogrammet syner at det skal gjennomførast trafikkanalyse basert på dagens og framtidig trafikk som følgje av planen. Det er naturleg å gjennomføre arbeidsmøte med VLFK ila. planarbeidet for å drøfte punktutbetringar og forhold knytt til fylkesvegen.</p> <p>Det skal gjennomførast registrering av kulturminne i området nærmast fylkesvegen (område med dyrka mark). Budsjett med meir er motteke, og akseptskjema er sendt VLFK. VLFK har antyda registreringa slutten av september 2024. Det er per i dag ikkje grunnlag for at kulturminne-/miljø er eige KU-tema.</p>
<p>Museum Vest 04.04.2024</p>	<p>Museet kjenn ikkje til kulturminne som kan bli direkte råka av det tiltaka og har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller</p>	<p>Teke til orientering og følgje.</p>

	<p>hamn i eldre tid. Museet har difor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Dei gjer derfor merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt fri gjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.</p>	<p>Det er ikkje behov for justering av planprogrammet basert på uttalen.</p> <p>Føresegnene vil følgje opp krav som Museet viser til.</p>
<p>Statsforvaltaren i Vestland, 22.04.2024</p>	<p>SFVL peiker på at det i 100-metersbeltet mot sjø skal takast omsyn til natur-kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Dei peiker spesielt på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Positivt at metode for KU vil vera basert på rettleiar M-1941.</li> <li>- Det er registrert ei rekke artar av nasjonal forvaltnings-interesse tett på planområdet, samt blautbotn i aust, samt gytefelt og oppvekst/beiteområde i sjø. SFVL peiker på prinsippa i nml §§8-12. Førekomstar av artar og naturtypar skal takast vare på i levedyktige førekomstar i naturleg utbreiingsområde.</li> <li>- Det er viktig at omsyn til landskapsverknadar særleg vektleggast i planforslaget.</li> <li>- Barn og unge, og legge til rette for trygge vegar.</li> <li>- Det er registrert svært viktige friluftslivområde i planområdet, samt statleg sikra friluftsområde. Desse og deira funksjon må sikrast i planforslaget.</li> <li>- Støyvurderingar er nødvendig i planarbeidet. Og T-1442/2021 må leggjast til grunn. Det må gjerast greie for samla støybelastning frå heile næringsområdet og ev. verknadar dette har på nærliggjande bustadar. T-1442 er rettleiande og i planar det støy er tema må ein ha juridiske føresegner om støy i samsvar med det «slingringsrommet» som er gitt i rettleiaren. Folkehelse og støy heng tett saman, og støyverknadane industriområdet vil ha må vera kjent og vera forsvarlege. Det må vera tydelege ramme for støy og sikrast i føresegnene, også i forhold til friluftsområda.</li> <li>- Nedbygging av dyrka mark er uheldig, og omsyn til jordvern har vorte innskjerpa dei seinare åra. Ny målsetting er at omdisponering av dyrka jord ikkje skal overstige 2000 daa per år, og at dette skal nås innan 2030. Det er kommunane sitt ansvar å nå dette målet. Ein bør difor i planen forsøke å bevare dyrka mark i størst mogleg grad.</li> </ul>	<p>Teke til orientering og følgje.</p> <p>Det er ikkje behov for justering av planprogrammet basert på uttalen utover at støy er teke inn som eige KU tema i planprogrammet.</p> <p>Forholda som SFVL peiker på vil verta belyst i KU og ROS-analyse. Mellom annan skal Biota Naturkompetanse gjennomføre KU for naturmangfald, og det skal utarbeidast illustrasjonar i 3D for å synleggjere landskapsverknadar. Det er planlagt for utbetring av kommunale vegar inkl. fortau for å legge til rette for trygge vegar. Forholdet til friluftsområda skal utgreiast, eige KU tema Strandsone og friluftsliv.</p> <p>Det skal gjennomførast støykartlegging og føresegnene skal sikre samla støy frå anlegg- og driftsfase. Støy er teke inn som eige KU tema i planprogrammet.</p> <p>Det vil vera behov for nedbygging av noko dyrka mark på grunn av utbetring av vegar med fortau. Ein vil utarbeide arealrekneskap for dagens og planlagt situasjon som synleggjer omdisponering av LNF-område i kommuneplanen, og registrert dyrka mark</p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Alle plansaker skal ha ROS-analyse, og det er krav til oppfølging av avdekt risiko og sårbarheit m.a. gjennom omsynssoner med tilhøyrande føresegner. ROS-analysen må vise risiko og sårbarheit som har betydning for om arealet er eigna til utbygging eller ikkje, samt om ev. endringar i slike forhold som følgje av planlagd utbygging.</li> </ul>	<p>(fulldyrka/dyrkbar jord). Ein må søke å finne best mogleg balanse mellom vern av dyrka mark og vegstandard.</p> <p>Det skal gjennomførast ROS-analyse. Behov for tiltak skal sikrast i plankart og/eller føresegner. Ein vil m.a. ha dialog med brann og redning i kommunen.</p>
<p>Vestland fylkeskommune, kultur og folkehelse 26.04.2024</p>	<p>Arkeologar frå Vestland fylkeskommune har utført synfaring i planområdet. Dei har i dag ikkje opplysningar om automatisk freda kulturminne innanfor det varsla arealet. Området har likevel potensial for denne typen kulturminne. Dyrka mark i planområdet har potensial for funn av åkrar og gardstun med hus frå stein-, bronse-, jarn- og mellomalder. I utmark kan det vere potensial for gravrøyser med vidare. Det er forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne med mindre det er gjeve løyve til det, jf. lov om kulturminne §§ 4 og 3. VLFK finn det naudsynt med ei registrering for å avklare om tiltak i planen vil råke automatisk freda kulturminne. Nærare opplysningar og kostnadsoverslag for registreringa vert sendt i eige brev. Dei viser elles til brev datert 22.04.2024 for merknader til planprogram og omsyn til gravfeltet aust for planområdet. Dei gjer merksam på at planen ikkje kan vedtakast i kommunen før fylkeskommunen har gjeve endeleg fråsegn til planen etter den varsla registreringa.</p>	<p>Teke til orientering og følgje.</p> <p>Det er ikkje behov for justering av planprogrammet basert på uttalen.</p> <p>Det skal gjennomførast registrering av kulturminne i området nærmast fylkesvegen (område med dyrka mark). Budsjet med meir er motteke, og akseptskjema er sendt VLFK. VLFK har antyda registreringa slutten av september 2024.</p>
<p>Kystverket, 29.04.2024 (avtalt utsett frist)</p>	<p>Kystverket skriv at planarbeidet må skildre og vurdere verknadar for sikkerheit og ferdsel i farvatn. Forhold som planarbeidet må avklare er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Planlagd utviding av industribasen med nye kaiar ser ikkje til å vera i direkte konflikt med farlei, men dei seglande vil kunne oppleve farleia som noko smalare og uoversiktleg. Dette avheng av om det ligg fartøy til kai og i kva grad kaiområdet er lyssett om natta. Det er viktig at planarbeidet avklarar om nye tiltak fører til ei innsnevring av farvatnet og i kva grad dette kan redusere sikkerheit og effektiv ferdsel for sjøtrafikk.</li> <li>- Sentrale forhold i planforslaget vil m.a. vera om den medfører vesentlege konsekvensar eller verknadar i farvatnet, strandsona eller hamnene.</li> <li>- Tema for utgreiinga er 1) innsnevring av farlei og 2) manøvreringsareal. Manøvreringsareal ved hamn/kai må dimensjonast i forhold til lengda på fartøy (hovud-regel: Sirkel på min. diameter 2x lengda på fartøy). Manøvreringsareal bør haldast fri for kablar, vass- og avløpsleidningar og faststående fiskereiskap.</li> </ul>	<p>Teke til orientering og følgje.</p> <p>Det er ikkje behov for justering av planprogrammet basert på uttalen.</p> <p>Forholda som Kystverket peiker på vil verta belyst i KU og ROS-analyse.</p>

### Privat personar/lag/organisasjonar

Avsendar, dato	Merknad summert opp	Forslagsstillar sine kommentar
Vigdís Jensen 16.04.2024	Jensen takkar for god informasjon om reguleringsplanen i møte i Høylandsbygd. Ho ser positivt på dette og meiner det er flott at eigar vil satse på industri i bygda. Ho håpar at auka aktivitet vil føre til betre fylkesveg til bygda. Vidare rosar ho eigar for å ha rydda på industriområdet. Ho peiker også på at ein ikkje bør komme for langt inn på det eksisterande friområdet/badestranda.	Det er ikkje behov for justering av planprogrammet basert på uttalen.  Forhold knytt til friluftsområde er delvis teke til følge: Planprogrammet definerer to alternativ: 1) Avgrensing av næringsområde i tråd med godkjente planar og 2) alt. 1 + omdisponering av deler av friluftsområde mot badestranda. Ein ønskjer å gjennomføre KU for desse alternativa for å auke kunnskapsgrunnlaget før ein tek stilling til omfang av sprenging nærmare badeplass/friområde enn dagens faktiske situasjon og plansituasjon. Det er difor ikkje ønskeleg å endre planprogrammet si formulering eller alternativ på dette stadiet i prosjektet.
Dorthea Eide, Gro Kathrin Eide, Ottar Eide, Camilla Eide, Yngve Eide 19.04.2024	Uttalen viser til at i tilknytning til utvikling av Røysaneset Industribase er det satt krav om utbetring av kommunale tilførselveggar, der i blant Slettanesvegen. Som eigarar av eigedom gnr. 202/8 er dei uroa over den planlagde utvidinga av Slettanesvegen langs eigedomen deira. I dag går vegen berre 3,5 m frå husveggen, noko som allereie er ein absolutt minimum avstand. Det er mykje tungtrafikk som går forbi, og dette vil berre auke etter oppgraderinga av Industribasen. Tungtrafikken medfører støy, vibrasjonar i grunn, forureining og trafikkfarlege situasjonar. Dei har allereie vald å stenge den tidlegare utgangen til vegen på oppsida av huset, og dei nyttar i dag utkøyring på nedsida. Ut frå tilsendte teikningar kan det sjå ut som om sideareal av vegen er tenkt tatt av eigedomen noko som vil redusere avstanden til huset ytterlegare. Dette meiner dei er utilrådeleg og uakseptabelt og vil forringe verdien av eigedomen. Dei registrerer i planprogrammet at ein allereie ser utfordringar på vegbreidde ved delstrekk A-B (forbi 202/08) og ønskjer å koma naboar i møte. Dei håpar på god dialog i planarbeidet.	Det er ikkje behov for justering av planprogrammet basert på uttalen utover at støy er teke inn som eige KU tema i planprogrammet.  Teke til orientering og ein vil følgje opp merkna den ved at ein i det vidare arbeidet vil ha direkte dialog med grunneigar for å avklare nye tiltak og drøfte avbøtande tiltak. Førebels vegskisse til varsel om oppstart er det vist vegutslag utover dagens vegkant på gnr. 202/8, dette skal ein sjå nærmare på i vidare detaljering av vegane.  

		Støy er teke inn som eige KU tema i planprogrammet.
<p>Høylandsbygd Bygdalag v/ styreleiar 21.04.2024</p>	<p>Høylandsbygd Bygdalag ser svært positivt på vidareutvikling av næringsverksemda på Røysaneset. Skipsfart og skips-bygging har vert bygda sitt varemerke sidan 1950-talet. Ringverknadane av familien Eide sin aktivitet fram til for få år sidan, visar i dag godt igjen i Høylandsbygd og på Halsnøy.</p> <p>Dei viser vidare til at bygdalaget er talerøyr for dei som bur under postnr. 5457, laget er opptatt av og arbeider for fellesskapet, trivselen og utvikling av bygda. Laget har dei siste to åra gjort ei stor oppgradering av leikeplassen i Slettanesvegen og Badestranda, som ligg på friluftsområdet som grensar til Fiskaberget i nord. Området her er eit statleg sikra friluftsområde registrert i miljødirektoratet. Badestranda er ei av Kvinnherads finaste badestrender, den har sandvolleyballbane, universelt toalett, og nå med ny badeflate og grillhytte. Friluftsområdet her er flittig besøkt av innbyggjarane i nærområdet, øyafolket forøvrig, og tilreisande.</p> <p>Bygdalaget er opptatt av at ein regulerer sprenginga av nytt området mot badeplassen slik at grensa mot friluftsområdet vert som i dag, og at det blir gjort tiltak for å dempa innsyn begge vegar, samt støydempende tiltak. Dette bør enklast gjerast med at berget, stranda og skogen mot sør aust blir som i dag, med ein god naturleg voll med fjell og fauna, som i dag grensar mot friluftsområdet og badestranda.</p> <p>Når det gjeld vegen frå fylkesvegen til Røysaneset og Slettaneset har bygdalaget gjentekne gangar klaga til kommunen på elendige fortausforhold, her forstår dei det slik at det var planlagt utbetring i samband med ny vass-leidning og anna infrastruktur i tidsrommet 2023 – 2027. Dei er difor veldig positive til ny veg/fortau her. Med større industriområde og høgare aktivitet aukar og trafikken som i hovudsak blir store køyretøy. Dersom mogleg ynskjer bygdalaget noko smalare fortau og breiare veg enn det som er førespela, gjerne med fysisk sperring mellom gåande og køyrande (autovern). På informasjonsmøtet vart det opplyst om ein garasje som står i vegen</p>	<p>Det er ikkje behov for justering av planprogrammet basert på uttalen utover at støy er teke inn som eige KU tema i planprogrammet.</p> <p>Forhold knytt til friluftsområde er delvis teke til følgje: Planprogrammet definerer to alternativ: 1) Avgrensing av næringsområde i tråd med godkjente planar og 2) alt. 1 + omdisponering av deler av friluftsområde mot badestranda. Ein ønskjer å gjennomføre KU for desse alternativa for å auke kunnskapsgrunnlaget før ein tek stilling til omfang av sprenging nærmare bade plass/ friområde enn dagens faktiske situasjon og plansituasjon. Det er difor ikkje ønskeleg å endre planprogrammet si formulering eller alternativ på dette stadiet i prosjektet. Forhold til støy og skjerming skal avklarast i arbeidet. Støy er teke inn som eige KU tema i planprogrammet.</p> <p>Teke til orientering og ein vil følgje opp merknad om utbetring av kommunalveg ved at ein i det vidare arbeidet vil ha direkte dialog med grunneigar for å avklare nye tiltak og drøfte avbøtande tiltak. Ein vil vurdere å ta kontakt med eigar av garasje på gnr. 202/28-29, 73 med omsyn til etablert garasje. Kvinnherad kommune har lagt føringar for breidde på veg og fortau som planen som utgangspunkt vil forholde seg til. I lys av merknadar frå naboar og vern av dyrka mark ønskjer vil ein sjå på alternative løysingar for mindre delstrekk.</p> <p>Ikkje teke til følgje: Det vil vert regulert for fortau utan fysisk sperre mellom gåande og syklande. Dette fordi det ikkje er krav om dette for fortau i veghandbok, samt at det er mange avkøyningar til private eigedomar frå</p>

	<p>for lik breidde som resten av parsellen. Me foreslår at utbyggjar her går i forhandlingar med grunneigar om å kjøpe ut denne, og erstattar den med ny garasje. Det er særst viktig å få ein god dialog med alle grunneigarane som blir berørt av den nye vegparsellen, og regulering av industriområdet.</p>	<p>vegane og ei sperre vil vera uhensiktsmessig og gjera vedlikehald etc. vanskeleg.</p>
<p>Egil Hillestad 21.04.2024</p>	<p>Hillestad bur på gnr. 202/11. Han kjenner området godt sidan før utbygginga starta tidleg på 1970-talet. Det har vore varierende drift i området, men har vore viktige arbeids-plassar. Det er positivt med den opprydding som er utført seinare år samt planar for vidare utvikling, og skriv at han har no fått ein god plan over kva som skal utgreiast. Ser fram til resultatet av dette arbeidet for å god nok informasjon om konsekvensar.</p> <p>Forslag til plangrense og veggeometri viser at det går med litt dyrka areal på 202/11 det det er vegutviding. Han håpar dette ikkje blir meir enn naudsynt. Viser til at han har forstått at det undervegs vil bli laga meir detaljert dokumentasjon med eventuelle justeringar, samt arrangert synfaring/møte med berørte grunneigarar. Han viser også til at 202/62 vart frådelt frå gnr. 202/11 ved tidlegare utviding av vegen og at eksisterande grenser difor skulle vera klåre.</p> <p>Han ønskjer også at det vert vurdert om det kan finnast betre løysingar der vegen får eit smalare parti (litt smalare fortau?). Dette fordi han fryktar vist geometri kan føra til meir støy for naboar i forbindelse med nedbremsing og start, samt medføra trafikkfarlege situasjonar.</p> <p>Han meiner også at utviding av næringsområdet ikkje bør omdisponere friluftsområde i søraust. Og at dette område bør liggje som buffer mot friområde og busetnad. Sett frå søraust og fjorden har området frå toppen (Håfjell 34moh.) og ned mot sjøen (Fiskaberget) ein profil som ikkje bør brytast. Går ut frå at dette blir vurdert i landskapsanalyse. Vidare at det er no lite informasjon om kva som skal og høgde på, men at det skal lagast 3D av området. Eit forslag er at det bør visast hall over eventuell ny stor dokk. Han meiner hall er naudsynt for å konkurrera om framtidige oppdrag.</p>	<p>Det er ikkje behov for justering av planprogrammet basert på uttalen utover at støy er teke inn som eige KU tema i planprogrammet.</p> <p>Teke til orientering og ein vil følgje opp merknad om utbetring av kommunalveg ved at ein i det vidare arbeidet vil ha direkte dialog med grunneigar for å avklare nye tiltak og drøfte avbøtande tiltak. Kvinnherad kommune har lagt føringar for breidde på veg og fortau som planen som utgangspunkt vil forholde seg til. I lys av merknadar frå naboar og vern av dyrka mark ønskjer vil ein sjå på alternative løysingar for mindre delstrekk. Det skal utarbeidast vegteikningar som del av planforslaget. Mellom anna vil omfang av tiltak på gnr. 202/11 detaljerast, samt dialog kring geometri på veg/fortau. Støy er teke inn som eige KU tema i planprogrammet.</p>  <p>Forhold knytt til friluftsområde er delvis teke til følgje: Planprogrammet definerer to alternativ: 1) Avgrensing av næringsområde i tråd med godkjente planar og 2) alt. 1 + omdisponering av deler av friluftsområde mot badestranda. Ein ønskjer å gjennomføre KU for desse</p>

		<p>alternativa for å auke kunnskapsgrunnlaget før ein tek stilling til omfang av sprenging nærmare bade plass/ friområde enn dagens faktiske situasjon og plansituasjon. Det er difor ikkje ønskeleg å endre planprogrammet si formulering eller alternativ på dette stadiet i prosjektet.</p> <p>Landskapsanalyse skal vurdere verknadar av nye bygg og tiltak. Det vil verta laga modell av hall over dokk.</p>
<p>Annbjørg og Åse Helen Tvedten Fimreite 22.04.2024</p>	<p>Dei har merknadar knytt til nedbygging av grøntområde og reduksjon av friluftsområde mellom bebyggelse og industriområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det vert vist til at det har vore industri her sidan starten på 70-tallet. Bustadfeltet har vore der minst like lenge. Det er utvikla industri frå det som var verft på andre sida av Hillestadvågen.</li> <li>- Det står at det ikkje er kjent/innmeldt klage knytt til støy og forureining. Dette er feil, det har vore mye støy og forureining opp gjennom tidene som har meldt frå til fylkeskommune/kommunen og tidlegare Statens forurensningstilsyn. Enkelte av sakene er også politi-anmeld.</li> <li>- Det som har skjerma ein del av støyen og forureininga er fjell/fjellvegg og skog mellom industriområdet og bustadar. Nedbygging av dette vil påverke nær-liggjande bustad og bustadfeltet, og gi store ulempe for alle naboane då skjerminga vert vekke. Støyplagene er allereie i dag langt over tolegrensa. Dei viser til måleverdiar i veke 15 var mellom 65-68 dB, langt over tillatte verdiar for industriområde.</li> <li>- Utviding av industriområde mot bustadfeltet vil medføre stor skade på natur som ikkje vil la seg reparere. Dei ser ikkje at ev. ny beplanting og skjerming vil dekke for plagene fjerning av fjell og grøntområde vil medføre</li> <li>- Dei kommenterer at det ikkje er vist til utgreiing knytt til korleis utviding eller naturinngrepet vil påverke vind, støy og støv for nærmast bustad og bustadfeltet. Viser vidare til Statsforvaltaren sin uttale: «<i>Det bør heller ikkje åpnes for endringer eller utvidelser av støyende anlegg og virksomhet som øker støynivåene merkbart for eksisterende støyfølsom bebyggelse</i>».</li> </ul>	<p>Det er ikkje behov for justering av planprogrammet basert på uttalen utover at støy er teke inn som eige KU tema i planprogrammet.</p> <p>Forhold knytt til friluftsområde er delvis teke til følge: Planprogrammet definerer to alternativ: 1) Avgrensing av næringsområde i tråd med godkjente planar og 2) alt. 1 + omdisponering av deler av friluftsområde mot badestranda. Ein ønskjer å gjennomføre KU for desse alternativa for å auke kunnskapsgrunnlaget før ein tek stilling til omfang av sprenging nærmare bade plass/ friområde enn dagens faktiske situasjon og plansituasjon. Det er difor ikkje ønskeleg å endre planprogrammet si formulering eller alternativ på dette stadiet i prosjektet.</p> <p>Teke til følge: Det skal gjennomførast støykartlegging og føresegnene skal sikre samla støy frå anlegg- og driftsfase. Forholdet til dagens skjerming med terreng skal takast inn i kartlegginga (verknad før/etter tiltak). Støy er teke inn som eige KU tema i planprogrammet.</p> <p>Teke til følge: Forhold til verknad på vind, støy og støv, samt tryggleik knytt til badestranda vil vera del av ROS-analysen, samt i KU-tema friluftsliv og forureining. Vidare vil forhold til brann, eksplosjonsfare og beredskap vera del av ROS-analysen. Ein vil i samband</p>

- Fjerning av fjellpartiet og ny dokk vil påvirke landskapet negativt. Det vil også verta skjemmande å få eit høgdt bygg «heilt inntil» bustad dersom det skal byggjast hall over eksisterande dokk. Dei viser til nabolova sin hovudbestemmelse § 2, samt at dei er bekymra for at bustaden deira vil frå ein stor reduksjon/forringing av verdi.
- Friluftsområdet Slettaneset er svært populært. Badeplassen er i dag allereie omkransa til tider, ofte over lengre tid av store lektere. Avstanden til friluftsområdet/badeplassen må takast i vare. Det er ikkje definert i plandokumenta korleis skjerming eller grense for tryggleik for brukarane av friluftsområde/badeplass mot industriområdet. Peiker på viktigheita av at mange av brukarane er mindreårige. Det er heller ikkje gjort vurdering av høg/lågvann med tanke på badande og badeplassen.

Oppgradering av vatn og avløp for industriområdet og bustadfeltet. Dei peiker på at det i dag er varierende trykk på vatnet, spesielt når det er arbeid på industriområdet. Dei stiller spørsmål til om det ved utviding er dimensjonert for auka bruk av vatn til innbyggjarane i bygda. Viser til at dei er siste hus på vassleidningen og merkar auka bruk veldig.

Vidare, industriområdet er ikkje kopla til offentleg system for avløp, og spør om kva trafikk dette vil medføre ved utviding av næringsområdet. Og om industribasen vil kople seg til det kommunale anlegget, samt om krav til reinsing av vatn og avløp.

Dei viser til at det er eit definitivt behov for oppgradering av vegnett med gangfelt frå krysset. Med tanke på begrensingar nokre stadar på vegbreidde bør ein legge til rette for fast busshaldeplass, begge vegar mellom industriområdet og hovudkrysset. Vidare at vegen frå Tofte til Høylandsbygd ikkje er dimensjonert for auka trafikk, og spør om det er planar for utbetring av denne. Også i lys av aktivitet på Gamle verkstedet (Norwater). Dei ser med bekymring på korleis vegen skal tole den auka tungtransporten og auka trafikk generelt. Spør om det er tenkt at transport av tilsette skal skje med kollektiv,

med utarbeiding av ROS-analysen m.a. ha dialog med brann og redning i kommunen.


Teke til følgje: Landskapsanalyse med illustrasjonar i 3D skal vurdere verknadar av nye bygg og tiltak. Det vil verta laga modell av hall over dokk.

Teke til følgje: Det skal utarbeidast overordna VA-rammeplan der forholda som Tvedten Fimreite peiker på vil bli omtala. VA-planen vil ta omsyn til framtidig utvikling, krav til reinsing, sløkkevatn og behov for dimensjonering. Ein vil ha dialog med Eining for Vatn og Avløp i prosessen. I tillegg skal forholdet til kommunale planar om oppgradering av VA i området vera del av arbeidet. VA-rammeplan skal godkjennast av Eining for Vatn og Avløp i samband med innsending av planforslaget til 1. gangshandsaming som del av sakshandsaminga.

Teke delvis til følgje: Det vil verta regulert fortau langs dei kommunale vegane. Forholdet til fylkesvegen og ev. behov for punktutbering og rekkefølgjekrav til fylkesveg skal belyst i planarbeidet. Dette er forhold som vil verta belyst i KU for tema samferdseltrafikk på land. Det same vil forholdet til kollektiv. Det er ikkje planar om å regulere for buss med busshaldeplass og snuplass inn på Slettanesvegen. Regulering av busshaldeplass langs Høylandbygdvegen vil verta omtala i plan etter dialog med kommune og VLFK.

Teke til følgje: Klimagass er eit KU-tema. Forholda som uttalen peiker på vil verta belyst.

	<p>og i tilfellet bør det vurderast å avgrense tal parkeringsplassar for å overføre transport frå bil til kollektiv.</p> <p>Det er stilt spørsmål om korleis utviding av industriområdet vil påverke Kvinnherad kommune sine miljøkrav, klimagass-utslepp, klimanøytralitet og nedbygging av natur. Korleis vil det samfunnsmessige og etiske forholdet etter ei utholing av naturen vera for bygda sine innbyggjarar. Dei meiner at det ikkje vil vera ein samfunnsmessig gevinst med utviding av industriområdet, og heller ikkje gi tilbake samfunnstenester som skule/barnehage eller lokalbutikk.</p> <p>Dei viser til at det så langt ikkje er nemnt kva som er tenkt kring brannsikkerheit og brannvern. Dette også med tanke på at industriområdet kjem nærmare bustadar. Det er langt til nærmaste brannstasjon. Dei stiller spørsmål til om det er laga sikkerheitsinformasjon eller rutinar for dei nærmaste bustadane ved brann/eksplosjon eller anna fare på industri-området. Viser til oppgradering av skip til batteridrift, noko som kan ha katastrofale følgjer for nærliggjande område i form av giftige gassar, vanskeleg slukningsforhold og eksplosjonar.</p>	
<p>Johannes Hillestad 22.04.2024</p>	<p>Hillestad protesterer på flytting av innkøyring til gardsvegen hans. Ein kan flytte busskuret til sørsida av Høylandbygd-vegen, noko som vil spare dyrka mark.</p> <p>Han meiner også at det er unødvendig med 2,5 meter fortau, m.a. då det er få personar i dag som nyttar det. Det var mykje meir trafikk både på veg og fortau når det var stor aktivitet på verftsområdet og butikk i byggefeltet.</p> <p>Han meiner det bør regulerast for rundkøyring i krysset Høylandsbygdvegen-Postbrekka, slik at bussen kan starte ruta der. Dette vil i tilfellet vera eit stort pluss for folk i indre del av bygda.</p>	<p>Det er ikkje behov for justering av planprogrammet basert på uttalen</p> <p>Merknaden er delvis teke til følgje: Kommunen krevde i oppstartsmøte flytting av innkøyring til gardsvegen/Hillestad. Vidare planarbeid skal detaljere forhold til dyrka mark, og ein vil sjå på alternative løysingar som tek minst mogleg dyrka mark og som er trafikkikkert. I dette arbeidet vil ein ha dialog med VLFK for å sikre ei trafikkikker løysing. Eventuelle funn frå arkeologisk undersøking vil også kunne ha innverknad på løysing i området.</p> <p>Teke til orientering og ein vil følgje opp merknad om utbetring av kommunalveg ved at ein i det vidare arbeidet vil ha direkte dialog med grunneigar for å</p>

		<p>avklare nye tiltak og drøfte avbøtande tiltak. Kvinnherad kommune har lagt føringer for breidde på veg og fortau som planen som utgangspunkt vil forholde seg til. I lys av merknadar frå naboar og vern av dyrka mark ønskjer vil ein sjå på alternative løysingar for mindre delstrek. Det skal utarbeidast vegteikningar som del av planforslaget.</p> <p>Teke til orientering: Regulering av snuplass for buss vil skje uavhengig av dette planarbeidet. Forholdet skal omtalast i planomtalen etter dialog med kommune / VLFK/Skyss.</p>
<p>Svein Arild Tufta 22.04.2024</p>	<p>Tufta skriv at dersom veg eller fortau skal utvidast forbi hans eigedom (gnr. 202/50) ønskjer han at dette kan gjerast på motsett sida, mot båthamna. Han mistenker at fortauet allereie ligg delvis inn på hans eigedom og håper at det kan gjennomførast GPS oppmåling av grenser.</p>	<p>Det er ikkje behov for justering av planprogrammet basert på uttalen.</p> <p>Teke til følgje: Det er gjennomført innmålingar av uklare eigedomsgrenser som vil verta lagt til grunn i planen. Deler av dagens fortau ligg på hans eigedom (FKB). Førebels vegteikning viser at framtidig fortau ikkje går lengre inn på eigedom 202/50 enn dagens fortauskant. Eventuell utviding vil skje på sørsida av Røysanesvegen.</p> 
<p>Aud og Johannes M. Eide 22.04.2024</p>	<p>Eide opplyser om følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fartsgrense på Hillestadvegen er 30 km/t.</li> <li>- Fellesareal i Havnaskåro og på Fiskaberget er tinglyst i 10/11-1925. Kai utanfor eksisterande dokk ligg på fellesarealet og kan nyttast av alle som har behov for fortøyingslass. Fortøyingspullert på Sklæret er ein del av fellesarealet på Havnaskåro. Vegrett til</li> </ul>	<p>Det er ikkje behov for justering av planprogrammet basert på uttalen utover at støy er teke inn som eige KU tema i planprogrammet.</p> <p>Merknaden er ikkje teke til følgje: Tiltakshavar opplyser om at Kystverket har i brev 18.04.2023 oppheva</p>

	<p>fellesarealea, er hevdvunne rett som er nytt i over 100 år. Det er rett til å føre fram vatn og el.kraft til fellesarealet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Linjene skravert på Havbunnen</li> </ul> <p>Ønskjer/krev/meiner følgjande</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- At det vert nytta norsk arbeidskraft og at det vert teke inn tilstrekkeleg tal lærlingar. Natt og helgearbeid er regulert etter norsk lov.</li> <li>- Byggjefelt slik at bygda kan utvikle seg. Oppstart av skule og barnehage, slik at bygda igjen vert attraktiv for familiar å flytte til.</li> <li>- Tilføre bygdelaget tilstrekkeleg med midlar til å vedlikehalde kulturelle og andre fellesareal.</li> <li>- Garantere/stille med kapital til ny butikk i bygda.</li> <li>- Garantere for verdiforringelse av eigedomane i bygda. Overta om dei ikkje lar seg selje etter fastsatt tid som følgje av larm og sjau.</li> <li>- Motor på båter og anna vert stengt ned om natta, koplast til landstraum.</li> <li>- Utbetre fylkesvegen frå Ranavik og Sydnes for trafikk for person og last. Hillestadkrysset må utvidast og byggast med plass til buss og oversikt for trafikken. Oppgradere og vedlikehalde fortau på Slettanesvegen og Røysanesvegen. Fortau frå Hillestadkrysset til Langanes byggefelt. Reparere asfalt på ein profesjonell måte. Sjøvertstransport av tyngje varar inntil fylkesvegen er utbetra.</li> <li>- Forsvarleg sikring av sprengingsstoff i Havnaskåro og fjerning av sprengstein i sjø og på land.</li> <li>- Planforslaget er mangefullt, det er m.a. ikkje vist skjerming mot eksisterande ev. ny busetnad. Det vil medføre at bygda vert mindre attraktivt.</li> <li>- For å motstå og føre kontroll må det organiserast ei kontinuerleg vaktordning (brakkeriggjar/arbeidarar).</li> <li>- Utviklinga er først god når alle kjem styrka ut og bygda får sin rimelege del av dette.</li> </ul>	<p>tinglysing av fortøyingsboltar knytt til Havnaskår og på Fiskarberget (gnr. 202/38 og 142).</p> <p>Ein del av forholda Eide peiker på i uttalen er forhold som ikkje kan regulerast i etter pbl, som t.d. kor arbeidskraft vert henta frå eller kva kor mykje og til kva firma vel å støtte. Forhold til skule og barnehage er heller ikkje forhold som planen har innverknad på, utover å vera ein stabil arbeidsplass i bygda.</p> <p>Teke til følgje: Forhold til støy og m.a. landstraum, samt sprengingsarbeid vil verta belyst i planarbeidet. Støy er teke inn som eige KU tema i planprogrammet. Vidare skal det utarbeidast illustrasjonar i 3D som skal synleggjere verknad av tiltaka planen opnar for.</p> <p>Det vil verta regulert fortau langs dei kommunale vegane. Forholdet til fylkesvegen og ev. behov for punktutbetringar og rekkefølgjekrav til fylkesveg skal belysast i planarbeidet.</p>
--	--	---